



Nynorsk kultursentrum

Retningslinjer for Vinje-fondet

1. Mål

Vinje-fondet skal styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

2. Strategi

Fondet skal forvaltast og brukast uavhengig av dei andre prioriteringane som blir gjorde i dei årlege statsbudsjetta.

Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølvstøtt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media. Prosjekt i skriftlege medium blir prioriterte, med jamstilling mellom papirmedium og digitale format.

3. Prosjekt og tiltak

Fondet prioriterer tiltak som er handlingsretta og som gjeld domene, sjangrar, medium der nynorsk er lite brukt og som når ut til mange lesarar, lyttarar eller sjåarar.

Fondet disponerer midlane på grunnlag av relevant og oppdatert dokumentasjon som avklarar kritiske faktorar for meir bruk av nynorsk i media. Språkstatus-rapportar frå Språkrådet og Språkfakta frå Nynorsk kultursentrum kan vere ein del av dette kunnskapsgrunnlaget. Det skal leggjast særleg vekt på utvikling i bruk av nynorsk, språkfordeling mellom redaksjonelle medarbeidarar og i redaksjonelt produsert stoff. Fondet kan i avgrensa omfang sjølv hente inn nødvendig dokumentasjon.

Fondet konsentrerer kvart år innsatsen om nokre få, større prosjekt. Dette kan mellom anna vere praktikantordning og praksisplassar, tiltak som styrkjer språkleg kompetanse og sjølvtilit, ulike former for etterutdanning, og tiltak retta mot fast tilsette, frilansarar eller journaliststudentar.

Fondet legg særleg vekt på tiltak overfor redaksjonsmiljø med både nynorsk- og bokmålsbrukarar, og miljø med berre nynorskbrukarar.

4. Avgrensingar

Vinje-fondet skal unngå overlapping med andre støtteordningar, t.d. tidsskrift og periodiske publikasjonar i Norsk kulturråd, forskingsprosjekt i Rådet for bruksretta medieforskning og film i Norsk filminstitutt. Søknader om reisestipend eller innhaldsprosjekt av typen artikkelseriar og tv-seriar blir ikkje prioriterte.

5. Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

Styret oppnemner eit fagråd som gir ei grunnleggjande innstilling til styret om bruken av midlane kvart år. Medlemene blir oppnemnde for fire år om gongen, avgrensa til åtte år i alt for kvar medlem.

Administrasjonen i Nynorsk kultursentrum legg til rette for fagråd og styre.

6. Utlysing, søknader og rapportering

Nynorsk kultursentrum søker om årleg løyving frå Kulturdepartementet innan vanleg frist, eller samarbeider med Kulturdepartementet om etablering av eit fond.

Midlane blir til vanleg utlyste i januar med søknadsfrist minst tre månader seinare. Midlane blir utlyste på www.vinjesenteret.no, heimesida til Kulturdepartementet og i minst to riksdekkjande medium. Styret kan endre framdriftsplanen, men utan å redusere tida frå utlysing til søknadsfrist.

Fagrådet kan sjølv ta initiativ til prosjekt.

Administrasjonen er sakshandsamar for fagrådet, som innstiller til styret. Styret handsamar innstillinga på første ordinære styremøte etter at innstillinga ligg føre.

Ansvarleg søker skal godkjenne dei vilkåra som gjeld for støtte før summen blir utbetalt. Søklar rapporterer om bruken av midlane seinast tre månader etter at prosjektet er avslutta, og vurderer effekten i lys av målet for Vinje-fondet. Går prosjektet over fleire år, gir søker ein kort statusrapport seinast 1. februar kvart år.

For løyvingar over 200 000 kr skal rekneskapen vere revidert av statsautorisert revisor.

Nynorsk kultursentrum rapporterer om og evaluerer bruken av midlane til Kulturdepartementet kvart år. Denne rapporten blir også presentert i eit ope fagforum.

7. Fagråd

Fagrådet har fire faste medlemmer og ein varamedlem som arbeider sjølvstendig. Rådet skal dekkje både pressefagleg og språkfagleg kompetanse, særleg utgivar/redaktør, journalistikk, utdanning og forskning, og språkpolitikk.

Leiaren er normalt tilsett i Nynorsk kultursentrum.

8. Habilitet

Nynorsk kultursentrum legg til grunn det regelverket og den praksisen som blir følgd i Norsk kulturråd.

9. Offentlegheit

Søknader er offentlege dokument og det kan berre gjerast unntak frå innsyn dersom det er heimel for det i offentleglova. Dersom søker meiner det er behov for å gjere unntak frå innsyn, bør han gjere merksam på dette og vise til relevant heimel

Namn på ansvarleg søker og prosjektittel er offentleg tilgjengeleg, og når saka er avgjort, er også vedtaket offentleg.

Det kan elles gjerast unntak frå innsyn i dokument i den interne sakshandsaminga. Drøftingar i råd og styre av retningslinjer og prinsipielle spørsmål vil vere offentlege.

10. Administrasjonskostnader

Administrasjonskostnadene blir dekte av den årlege løyvinga inntil departementet eventuelt justerer den ordinære løyvinga til Nynorsk kultursentrum som kompensasjon for kostnadene med å forvalte fondet.

Det første møtet i fagrådet og alle tildelingsmøte er vanlege møte. Er det behov for andre møte, blir desse gjennomførte som telefon- eller videomøte.

Rådsmedlemene blir honorerte etter statsatsane for møtedeltaking i råd og utval.

11. Godkjenning og endring

Desse retningslinjene gjeld frå 1. januar 2010 etter tilråding frå styret i Nynorsk kultursentrum og godkjenning av Kulturdepartementet, og dei er sist endra i styremøte 25. februar 2014.

Departementet skal godkjenne alle endringar i retningslinjene.